



Lindås kommune

2. tertialrapport 2014



Innhald

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:	2
1 Innleiing	3
2 Økonomisk status sentrale postar	3
2.1 Skatt og rammetilskot.....	4
2.2 Generelle statstilskot	4
2.3 Eigedomsskatt	4
2.4 Renteinntekter og utbytte	4
2.5 Premieavvik pensjon	4
2.6 Rente- og avdragsutgifter	4
2.7 Driftsfinansiering.....	5
2.8 Disposisjonsfond	5
3 Økonomisk status tenestemråda	6
3.1 Politisk styring.....	6
3.2 Administrativ styring, støttefunksjonar	6
3.3 Grunnskuletilbod	7
3.4 Kulturformål.....	7
3.5 Barnehagetilbod.....	7
3.6 Kommunehelsetenester	7
3.7 Sosiale tenester, barnevernstenester	7
3.8 Pleie- og omsorgstenester.....	7
3.9 Tekniske tenester.....	8
4 Årsverk og Sjukefråvere	8
5 Budsjettedtak 2014 – verbaldel	10
6 Framlegg til justeringar i investeringsbudsjettet og status for prosjekta	12
6.1 Framlegg til budsjettjusteringar.....	12
6.2 Status for investeringsprosjekta.....	12
7 Vedlegg rekneskapsskjema.....	22
8 Finansrapport	24
8.1 Bankinnskot.....	24
8.2 Lånegjeld	24

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Rådmannen innstiller til kommunestyret om å fatta følgjande vedtak:

1. Kommunestyret tek økonomirapport pr. 2. tertial 2014 til orientering.
2. Det vert føreteke budsjettjusteringar for 2014 slik det går fram av tabell 1 (sentrale postar).
3. Det vert føreteke budsjettjusteringar for 2014 slik det går fram av tabell 2 (tenesteområda).
4. Rådmannen får fullmakt til å gjera endringar i interne disponeringar for 2014 slik som skissert i kapittel 2.8.
5. Basert på forventa framdrift på investeringsprosjekta, tek Lindås kommune opp 41 507 kr i generelle lån. Lånet har flytande rente og 30 års nedbetalingstid

1 INNLEIING

Økonomirapport pr. 2. tertial 2014 syner økonomisk status pr. 31. august og ei prognose for heile året. Rapporten bygger på ajourført rekneskap og ei analyse av løn for perioden 1.1 – 31.8. 2014.

Rådmannen skal ut frå budsjettforskrifta gjennom budsjettåret leggja fram rapportar for kommunestyret som viser utviklinga i inntekter og utgifter. Det skal rapporterast minimum to gonger pr år. I økonomireglementet for Lindås kommune går det fram at det skal rapporterast etter 1. kvartal og 2. tertial. I tillegg til dette skal rådmannen utan ugrunna opphald gje formannskapet viktig informasjon som kan ha innverknad på kommuneøkonomien på kort og lengre sikt. Det blir i 2014 gitt rapportering om økonomisk status på kvart formannskapsmøte.

Til høgre i dei tabellane som er nytta er det sett inn ei referanse ("ref."). Denne viser til aktuelt kapittel i rapporten der dette vert omtala nærare.

I følgje "Forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning" skal administrasjonssjefen minst to gongar i året leggja fram rapportar for kommunestyret som viser status for kommunen si finansforvaltning. Rådmannen legg til grunn at dette praktisk kan gjerast som eit del av økonomiske statusrapportar når finansforvaltninga ikkje har endra risikokarakter frå førre status.

2 ØKONOMISK STATUS SENTRALE POSTAR

ref.	TABELL 1 - Sentrale postar	Prognose avvik 2014	Framlegg om justering	Prognose med justering
Sentrale postar				
3.1	Skatt og rammetilskot	-7 400	7 400	0
3.2	Generelle statstilskot	0	0	0
3.3	Eigedomsskatt	0	0	0
3.4	Renteinntekter og utbytte	1 900	-1 900	0
3.5	Premieavik pensjon	0	0	0
3.6	Rente- og avdragsutgifter	900	-900	0
3.7	Driftsfinansiering investeringar	0	0	0
3.8	Avsetjing til disposisjonsfond	0	-9 120	0
	Sum sentrale postar	-4 600	-4 520	0
1) Ei meirinntekt eller mindreutgift i høve til budsjett vil framstå med eit positivt beløp i kolonna for prognose. Ei mindreinntekt eller meirutgift vil framstå med eit negativt beløp.				

Rammene for drifta av dei kommunale tenestene vert lagt ut frå kor mykje midlar kommunen har tilgjengeleg, eller det vi gjerne refererer til som netto disponible sentrale inntekter.

Rådmannen vil her kommentera utviklinga i vesentlege sentrale inntekter og utgifter. Dei fleste av desse har vi liten påverknad på – men det er viktig å estimera desse så godt det let seg gjera sidan det er desse som set rammene for den kommunale drifta.

Samla prognose for heile 2014 syner eit negativt avvik på 4 600 000 kr for dei sentrale postane, og rådmannen vil i dei kommande punkta kommentere avvika.

2.1 Skatt og rammetilskot

For prognosen pr. 2. tertial er KS sin prognosemodell for skatt og rammetilskot nytta i tillegg til ein berekning av reell skatteinngang per august og eit estimat av forventa skatteinngang for 2014.

Budsjett for skatt og rammetilskot er 7 400 000 kr høgare enn det prognosemodellen synar. Prognosemodellen er justert for endringane i revidert nasjonalbudsjett.

Rådmannen rår til å justere budsjett for skatt og rammetilskot ned med 7 400 000 kr i 2014.

2.2 Generelle statstilskot

Generelle statstilskot er venta å bli som budsjettert.

2.3 Eigedomsskatt

Budsjett for eigedomsskatt er i samsvar med utskreve eigedomsskatt for 2014.

2.4 Renteinntekter og utbytte

Det er for 2014 forventa renteinntekter på bankinnskot på om lag 1 900 000 kr over det som ligg i vedteke budsjett. Utbyttet frå BKK er som budsjettert på 15 600 000 kr.

2.5 Premieavvik pensjon

Handtering av premieavvik:

Kommunane betaler gjennom året pensjonspremie til pensjonskassane. Ved årsskifte reknar selskapa sine aktuarar ut ein pensjonskostnad for året. Det er denne som vert ståande igjen i årsrekneskapan. Avviket mellom den innbetalte premien og aktuaren si utrekning vert kalla premieavvik. Dersom innbetalt premie gjennom året er større enn utrekna pensjonskostnad vil det vera eit positivt premieavvik. I Lindås kommune er det bestemt at dette beløpet skal dekkast inn året etter at premieavviket har oppstått.

Kvar haust mottek kommunane oversikter frå pensjonsselskapa som syner kva årets premieavvik er estimert til å bli (endeleg premieavvik er først avklart året etter).

I 2013 vart det inntektsført eit premieavvik på 15 039 000 kr. I årsrekneskapssaka og 1. kvartalsrapport gjorde rådmannen framlegg om å setje av tilsvarende på disposisjonsfond for premieavvik, og at dei avsette midlane vart nytta når 2013 premieavviket vart kostnadsført.

For 2014 har rådmannen mottatt oversikt frå pensjonsselskapet som syner at det i 2014 vert inntektsført eit premieavvik på 22 392 000. Rådmannen rår til at det vert sett av tilsvarende på fond for premieavvik i 2014, sjå punkt 2.8.

2.6 Rente- og avdragsutgifter

Det vart i budsjett 2014 lagt til grunn ei innlånsrente på 3,7% fast rente (fast rente på om lag 11,81% av lånegjelda) og 2,4% flytande rente. Pr 30.09.14 er den flytande renta 2,3%. Rådmannen legg til grunn at renta ikkje vil stiga over det budsjetterte nivået i 2014. Renteutgiftene i 2014 er forventa å bli 900 000 kr lågare enn budsjettert.

2.7 Driftsfinansiering

Det er per i dag ikkje driftsfinansiering av investeringane i Lindås kommune. Det er viktig med høg driftsfinansiering av investeringane og eit moderat investeringsnivå for å unngå at gjeldsbelastninga blir for stor. Det er i samband med vedteken økonomiplan 2014-2017 lagt til grunn auka driftsfinansiering i 2015, 2016 og 2017. Denne driftsfinansieringa skal sjåast i samband med ein kostnadsreduksjon i drifta (vedteken omstillingsprogram). Det er naudsynt å gjere endringar i drift og investeringstakt for også i framtida ha god økonomi og økonomistyring.

2.8 Disposisjonsfond

Etter rådmannen sitt framlegg til sentral saldering, vil kommunen ha ein status på det generelle disposisjonsfondet som følgjer:

Disposisjonsfond - generelt	
Fond pr. 1.1.2014	61 927
Disponert tomt rundkøyring Knarvik	-202
Vedtak trafikksikring, jf. Sak PS 24/12	-1 250
Havnesamarbeid	-200
Avsetjing vedteke budsjett	13 227
Inndekking premieavvik	-638
Avsetjing 1. kvartalsrapport	238
<i>Eigenkapitalinnskott KLP</i>	<i>-1 768</i>
<i>Statusrapport 2. tertial 2014</i>	<i>-9 120</i>
<i>Gåve Knarvik kyrkje</i>	<i>-1 200</i>
Budsjettert fond pr 31.12.14	61 014

* Tekst i kursiv betyr ikkje vedtatt

Disposisjonsfond - omtvista eigedomsskatt	
Fond pr. 1.1.2014	64 703
Avsetjing vedteke budsjett 2014	31 379
Budsjettert fond pr 31.12.14	96 082

Det har vore rettssak mellom TCM og Lindås kommune vedrørende eigedomsskatt. Saka vart avgjort i høgsterett og TCM er definert som verk og bruk. TCM har påklaga takstgrunnlaget, og takstnemnda vedtok å oppretthalde sine vedtak av 02. april 2012 og 7. mai 2013. Saken er nå sendt til Klagenemnda for behandling. Rådmannen rår til at dei avsette midlene vert ståande til saka er avklart.

Disposisjonsfond - premieavvik	
Fond pr. 1.1.2014	0
Framlegg om avsetning statusrapport	638
Framlegg om avsetning i rekneskapssaka	14 401
Bruk av premieavvik	-15 039
<i>Premieavvik 2014</i>	<i>22 392</i>
Budsjettert fond pr 31.12.14	22 392

* Tekst i kursiv betyr ikkje vedtatt

Det vil bli inntektsført eit premieavvik på 22 392 000 kr i 2014, og rådmannen rår til at det vert sett av tilsvarande på disposisjonsfond premieavvik. Premieavviket som vert inntektsført i 2014 blir kostnadsført i 2015, og det er derfor naudsynt å setje av midlar til å møte dette.

3 ØKONOMISK STATUS TENESTEOMRÅDA

ref.	TABELL 2 - Tenesteområda	Just. budsj. netto dr.utg.	Prognose avvik 2014	Framlegg om justering	Prognose med justering
4.1	Politisk styring	20 652 000	-300	300	0
4.2	Administrativ styring, støttefunksjonar	208 492 000	-4 700	4 700	0
4.3	Grunnskuletilbod	188 680 000	2 000	-2 000	0
4.4	Kulturformål	14 639 000	100	-100	0
4.5	Barnehagetilbod	24 129 000	1 600	-1 600	0
4.6	Kommunehelsetenster	49 718 000	2 000	-2 000	0
4.7	Sosiale tenester, barnevernstenester	55 680 000	-1 170	1 170	0
4.8	Pleie- og omsorgstenester	225 549 000	-4 700	4 700	0
4.9	Tekniske tenester	102 856 000	650	-650	0
	Sum tenesteområda	890 395 000	-4 520	4 520	0

1) Ei meirinntekt eller mindreutgift i høve til budsjett vil framstå med eit positivt beløp i kolonna for prognose. Ei mindreinntekt eller meirutgift vil framstå med eit negativt beløp.

Prognosen synar eit samla avvik på 4 520 000 kr i 2014.

Felles for alle tenesteområda er ein reduksjon i arbeidsgivaravgift, då det tidlegare år har vore berekna avgift av for høgt grunnlag. Dette skuldast i hovudsak at grunnlaget ikkje er korrigert for motteken sjukelønnsrefusjon. Dette blir no retta opp, og vil i 2014 føre til at utgiftene vert redusert med 5 623 500 kr i 2014. Dette er tatt omsyn til under dei ulike tenesteområda og er lagt inn i prognosekollona.

3.1 Politisk styring

Det vart i den politiske handsaminga av budsjettet vedteken ein innsparing på politisk nivå på 200 000 kr. Det er per 2. tertial ikkje iverksett tiltak som har hatt effekt så langt i år i tillegg til eit meirforbruk på møtgodtgjersle på 100 000 kr, og Rådmannen rår til at ramma for politisk styring vert auka med 300 000 kr i 2014.

3.2 Administrativ styring, støttefunksjonar

Totalt synar prognosen eit meirforbruk på tenesteområde 2 på 4 700 000 kr. Av dette skuldast 2 500 000 kr medfinansiering sjukehus, 500 000 kr skuldast høgare utbetaling i omsorgslønn enn budsjettet og 1 000 000 kr skuldast manglande i innsparingsmål omstilling (opprinneleg 2 000 000 kr i innsparingsmål og 1 000 000 kr var lagt inn som omstillingsmidlar). I tillegg synar prognosen at gebyrinntektene vert 1 600 000 kr lågere enn budsjettet på areal og miljø og at utgiftene knytt til Knarvikplanen vert 500 000 kr høgare enn budsjettet. Lønnsoppgjæret er ikkje endeleg avslutta, men estimat på oppgjæret synar 12 900 000 i resultat, mot 14 000 000 i budsjett.

Rådmannen rår til å auke ramma for tenesteområde 2 med 4 700 000kr.

3.3 Grunnskuletilbod

Prognosen synar eit mindreforbruk på 500 000 kr i 2014. Mindreforbruket skuldast i hovudsak mindre vikarbruk og høgare refusjonar enn budsjettert. I tillegg har arbeidsgivaravgift på sjukepengar som omtalt over effekt på 1 500 000 kr.

Rådmannen rår til å redusere ramma for grunnskule med 2 000 000 kr for 2014.

3.4 Kulturformål

Rådmannen rår til å redusere ramma for kultur med 100 000 kr for 2014.

3.5 Barnehagetilbod

Resultatet av barnehageopptaket hausten 2014 var at det måtte leggjast ned ei avdeling i dei kommunale barnehagane. Dette, i tillegg til eit lågare lønnsoppgjer og høgare refusjonar på sjukelønn synar eit mindreforbruk på 1 600 000 kr i 2014 i høve til budsjett.

Rådmannen rår til å redusere ramma for kommunale barnehagar med 1 600 000 kr for 2014.

3.6 Kommunehelsetenester

Prognosen synar meirinntekter på 1 500 000 kr i 2014. Dette skuldast tilslag på omsøkte midlar som ikkje var kjent på budsjetteringstidspunktet. Dette, i tillegg til lågare arbeidsgivaravgift som omtalt over, gir eit mindreforbruk på 2 000 000 kr i 2014

Rådmannen rår til å redusere ramma for tenestområdet med 2 000 000 kr.

3.7 Sosiale tenester, barnevernstenester

Sosiale tenestar:

Utgiftene til sosialstøtte er estimert til å verte om lag 200 000 kr høgare enn budsjettert. Det er registrert ein auke i tal mottakarar av sosial stønad dei siste åra.

Barnevern:

Innan barnevernstenestar er det estimert eit meirforbruk på 1 200 000 kr. Dette skuldast ei auke i barnevernssakar og plasserte born, både i statlige tiltak og fosterheimar.

I tillegg får både barnevern og sosiale tenester effekt av arbeidsgiveravgiften som omtalt over, slik at samla meirforbruk vert 1 170 000 kr.

Rådmannen rår til ein auke i ramma for sosiale tenester og barnevern på 1 170 000 kr i 2014.

3.8 Pleie- og omsorgstenester

Det er budsjettert med eit innsparingsmål på 7 000 000 kr i 2014 under pleie og omsorg.

Av det budsjetterte innsparingsmålet står det att 5 900 000 kr. Sjølv om det pågåande arbeidet med å ta ned kostnadsnivået innan pleie og omsorg held fram i 2014 og i økonomiplanperioden, er det ikkje realistisk at det i 2014 vert sett i verk tiltak som gjev effekt på kort sikt.

Det er varsla eit mindreforbruk på heimetenester på 500 000 kr, refusjon for ressurskrevjande brukarar vert 2 000 000 lågare enn budsjettert. Dette, i tillegg til effekten av arbeidsgjevaravgift gjer eit samla meirforbruk innan pleie og omsorg på 4 700 000 kr

Rådmannen rår til å auke ramma for pleie og omsorg med 4 700 000 kr i 2014.

3.9 Tekniske tenester

Det er vakante stillingar på teknisk drift samt mindreforbruk på brøyting og strøing som gjev eit mindreforbruk i 2014. Det er eit meirforbruk på brann grunna ikkje oppnådd budsjettert inntekt, i tillegg til effekten av arbeidsgjevaravgift som omtalt over. Samla blir mindreforbruket på tenesteområdet 650 000 kr.

Rådmannen rår til at ramma til tenesteområdet vert redusert med 650 000 kr i 2014.

4 ÅRSVERK OG SJUKEFRÅVERE

Årsverk

Administrasjonen har i samband med utarbeiding av økonomisk statusrapport jobba parallelt med å få lagt fram eit samla oversyn kommunale årsverk. Utgangspunktet har vore dei lønsheimlar som ligg i kommunen sitt løns- og personalsystem. Desse har vorte gjennomgått sentralt, og i tillegg er tala kvalitetssikra med dei fleste einingsleiarane.

Generelt er det dei faste stillingane som er budsjettert som vert presentert. Dette vil seia at vikarar ikkje vert teke med, heller ikkje ekstrarhjelp eller andre engasjement. Ledige/vakante årsverk er med så lenge desse ikkje varig er trekt attende.

Oversynet er utarbeidd på einingsnivå, og vert presentert politisk pr tenesteområde:

Tenesteområde	1. kvartal 2012	2. tertial 2012	1. kvartal 2013	2. tertial 2013	1. kvartal 2014	2. tertial 2014	Endring (1. kvart - 2. tertial 2014)	% av totale årsverk
2 Administrativ styring, støtte-funksjonar	89	91	90	90	93	93	0,0	9 %
3 Grunnskuletilbod	322	318	318	317	317	312	-4,4	29 %
4 Kulturformål	20	20	20	21	21	21	0,0	2 %
5 Barnehagetilbod	59	52	52	57	57	52	-5,4	5 %
6 Kommunehelsetenester	77	76	74	78	85	85	0,0	8 %
7 Sosiale tenester, barnevernst.	39	39	39	40	40	40	0,0	4 %
8 Pleie- og omsorgstenester	362	362	363	364	364	360	-4,4	34 %
9 Tekniske tenester	108	109	110	110	110	110	0,0	10 %
Sum tenesteområda (2-9)	1 074	1 067	1 066	1 077	1 086	1 072	-14,2	100 %

Sjukefråvere

Det har samla sett vore ein reduksjon i sjukefråveret for Lindås dei siste 2 åra, men målsetjinga om 6% er langt frå oppnådd. Det har vore ein stigning i sjukefråveret i 1. og 2. kvartal i 2014, og det vil bli jobba målretta for å avdekkje tiltak for å få ned sjukefråveret.

Utviklinga:

	1.kvartal 2012	2.kvartal 2012	3.kvartal 2012	4.kvartal 2012	1.kvartal 2013	2.kvartal 2013	3.kvartal 2013	4.kvartal 2013	1.kvartal 2014	2.kvartal 2014
Kommunen	8,2%	7,4%	7,2%	8,1%	8,7 %	7,5 %	7,1 %	7,0 %	7,3 %	7,8%
Kommunal sektor	7,5%	7,0%	7,2%	7,5%	8,0 %	6,9 %	7,0 %	7,1 %	7,5 %	7,1 %

5 BUDSJETTVEDTAK 2014 – VERBALDEL

Kommunestyret vedtok i samband med handsaminga av økonomiplanen ein del verbalpunkt. Status for desse vert rapportert her:

VERBALPUNKT KOMMUNESTYRET SITT BUDSJETTVEDTAK 2014	Status
2) For å sikra langsiktig berekraftig økonomi er det naudsynt å redusera driftskostnadene. Det skal etablerast eit omstillingsprogram som omfattar heile den kommunale drifta. Dette skal skje i tett samarbeid med politisk og administrativ leiing, dei tilsette og deira organisasjonar. Omstillingsprogrammet skal vera eit forpliktande fellesprosjekt mellom politikk og administrasjon, og det er viktig å ha ei felles forståing for kva som er målet med programmet. Programmet skal innbefatta m.a. organisering, struktur, tenestenivå og eventuell konkurranseutsetting. Nærare mandat og prosess skal etablerast snarast. Avklaring av endeleg mandat og prosess skal skje i dialog mellom formannskap og administrativ leiing, så tidleg som muleg i 2014. Formannskapet skal og ha ei sentral rolle i den vidare prosessen med omstillingsprogrammet	Omstillings- og utviklingsprosjektet har gjennomført ein prosess etter prosjektplanen første halvår 2014. Det har og vore gjennomført informasjon til formannskapet i kvart møte. I overgangen til 2. halvår førebur rådmannen ein prosess i forhold til formannskapet for å drøfte ein prioritering av fokusområde og tiltak vidare. Dei konkrete forslaga til kostnadsreduksjonar vert handsama i økonomiplanarbeidet hausten 2014.
3) Den pågåande prosess med rullering av helse- og omsorgsplan skal vidareførast. Det same gjeld det tidlegare etablerte forbettringprogram for pleie og omsorg. Forbettringsprogrammet og omstillingsprogrammet skal på eit høveleg tidspunkt samordnast	Ok, Utarbeideing av helse og omsorgsplan blir sett på i sammenheng med vedtaksprosjektet og omstillingsprogrammet. Vedtaksprosjektet og omstillingsprogrammet er integrerte prosesser.
5) Lindås kommune vil ta eit utbytte fra Lindås tomteselskap på 3 mill i 2014 i henhold til aksjeloven. Dette skal gå til finansiering av idrettsanlegg på Lindås og Knarvik baneanlegg	Ok, gjennomført

VERBALPUNKT KOMMUNESTYRET SITT BUDSJETTVEDTAK 2014	Status
12) Musikkbinge: Kommunestyret oppmodar Lindås ungdomsråd om å jobba vidare med etablering av musikkbinge i Lindås, i samråd med levekårsutvalet	Ungdomsrådet gjorde følgjande vedtak - sak 03/14: «Ungdomsrådet ser ikkje behov for å etablere musikkbinge i Knarvik. Dersom kommunestyret ønskjer å løyve ekstra midlar til ungdomstiltak, kan Ungdomsrådet bistå med forslag til tiltak». Urådets tilråding ble videresendt Levekår, som tok Ungdomsrådets innstilling til etterretning.
14) Kultur og bygdebokfond: kommunestyret ber levekårsutvalet utarbeide retningslinjer for kultur og bygdebokfondet	Framlegg til retningslinjer blir lagt fram i møte i Levekår 28.10., deretter k-styret i nov.
15) Bygge og rehab.prosjekt: kommunestyret ber rådmannen vurdere prekvalifisering av totalentreprisetilbydar i alle bygge og rehabiliteringsprosjekt	Prekvalifisering nyttast der det antas mange eller useriøse tilbydarar. Skal spare tid på evalueringar ved å prekvalifisere. I Lindås kommune har det vore få tilbydarar så langt på anboda som har vore lyst ut, og behovet for prekvalifisering har ikkje vore stort. Rådmannen vil likevel fortløpande vurdere prekvalifisering på større og komplekse prosjekt uavhengig av entrepriseform og om det er nybygg eller omfattande rehab. Gjeld og kritiske prosjekt eller leveranser kor risikoen er stor. På mindre prosjekt ser vi ikkje det som hensiktsmessig då det er mindre risiko i tillegg til at prekvalifisering er ressurs- og kostnadsdrivende.
16) Folkehelseiltak : Lindås kommune tilbyr å drifta lysa i aktivitetsløypa i Knarvik. Midler tas innafor teknisk drift – tenesteområde 9	Utbetalt eit driftstilskot på kr. 50.000.- til KnarvikMila for at dei skal drifte aktivitetsløypa
17) Gratis hall for barn og unge: Kommunestyret ber rådmannen utarbeida forslag til retningslinjer for gratis hall for barn og unge i idrettsanlegga i kommunen. Vidare ber ein om at rådmannen og ser på leigeforholdet til Hordaland fylkeskommune i Nordhordlandshallen, både når det gjeld kapasitet og leigepris.	Sak vert truleg ikkje lagt fram for politisk handsaming før tidlig 2015.
19) 80 % helsesøsterstilling blir videreført innanfor rammen til tenesteområdet.	Ok, gjennomført
20) Vidareføring av ein stk. leilighet/hytte på Haugastøl. Vert videreført innafor drift/tenesteområde.	Ok, gjennomført

6 FRAMLEGG TIL JUSTERINGAR I INVESTERINGSBUDSJETTET OG STATUS FOR PROSJEKTA

6.1 Framlegg til budsjettjusteringar

Egenkapitalinnskot KLP

Det er krav til auke i egenkapitalinnskot i KLP på 17 668 000 kr i 2014. Det er budsjettert med 15 900 000 i egenkapitalinnskot i KLP i 2014, og rådmannen rår til ein tilleggsøyving på 1 768 000 kr. Egenkapitalinnskot kan ikkje lånefinansierast, og rådmannen rår til at det udekkja beløpet vert finansiert av disposisjonsfondet.

6.2 Status for investeringsprosjekta

I samband med 2. tertialrapport kvart år blir det laga prognoser for inneverande år, ny prognose for byggeperioden og prosjekta blir justert for faktisk framdrift. Dette gjerast mellom anna for å gje eit korrekt bilete av dei faktiske investeringane i inneverande år og for at kommunen skal leggje korrekt framdrift på prosjekta til grunn når årets lånebehov vert vurdert. Før 2012 blei det tatt opp lån basert på vedteken investeringsaktivitet og ikkje basert på den verkelege aktiviteten i inneverande år.

I dag tek kommunen opp samla lånebehov på slutten av kvart år, og sidan det ikkje er behov for å ta opp lån tidlegare på året blir prosjekt med avvik ikkje føreslått budsjettjustert før i samband med 2. tertialrapport. Det kan verte aktuelt å måtte ta opp lån tidlegare på året i dei kommande årane, men dette vil i så fall verte teken omsyn til i dei komande budsjett- og økonomiplanane.

Nytt frå 2014 er at det rapporterast på investeringsprosjekta på eigedom på kvart formannskapsmøte. Det er gjort vedtak om rammebudsjettering i KO 17.10.2013 (Sak 80/13). Oppsettet med investeringsbudsjettet ble på bakgrunn av dette endra i økonomiplan 2014 – 2016, og det er dette oppsettet rådmannen no rapporterer på.

Tabellen på dei neste sidene viser investeringsprosjekta i budsjettet for 2014, samt større prosjekt frå tidlegare år som ikkje var fullførte ved årsskifte.

Lindås kommune har unytta lånemidlar på sjølvkostområdet. Status på for unytta lånemidlar per 31.08.2014 er 49 380 000 kr. Rådmannen rår til at det ikkje vert teken opp lån for sjølvkostområdet i 2014 og at dei avsette midlane vert nytta til å finansiera prognostisert framdrift på vann og avløp. Prognosen for 2014 er 22 000 000 totalt på vann og avløp.

Rådmannen rår til at det blir gjort følgjande endringar i investeringsbudsjettet for 2014 (framdriftsjustert):

Prosjekt	Budsjett inkl. endring 2014	Rekneskap pr 31.8.2014	Ikkje nytta midlar pr 31.8	Prognose 2014	Flytte til 2015
Lindås Rådhus, ventilasjon og utviding kontor	5 000	38	4 962	3 180	1 820
Sum administrasjonsbygg - tenesteområde 2	5 500	379	5 121		1 820
Knarvik barneskule (ny)	1 000	0	1 000	0	1 000
Leiknes skule rehab	17 407	7 570	9 837	15 407	2 000
Lindås barneskule trinn 3	7 300	0	7 300	2 100	5 200
Seim skule	4 775	1 557	3 218	3 950	825
Alversund skule (2013-2016)	8 604	434	8 170	2 660	5 944
Rehabilitering skular	5 823	1 449	4 374	5266	557
Nye krav til bosskontainere	295	0	295	50	245
Sum skulebygg - tenesteområde 3	45 204	11 010	34 194		15 771
Knarvik idrettsanlegg, forprosjekt nytt driftsbygg	500	0	500	0	500
Knarvik stadion - nytt spurtandekke	1 500	72	1 428	107	1 393
Lindås idrettsanlegg	9 500	229	9 271	151	9 349
Kvassnesstemma	436	28	408	35	401
Friområde Kvamsvåg	497	1	496	273	224
Rehabilitering kai Kraft'n	150	0	150	0	150
Ymse friområde/ Kulturtiltak	535	0	535	0	300
Sum kultur og idrett - tenesteområde 4	13 118	330	12 788		12 317
Rehabilitering barnehagebygg	1 000	0	1 000	500	500
Sum barnehagebygg - tenesteområde 5	1 000	0	1 000		500
Rehabilitering av bustader	2 879	188	2 691	879	2 000
Sum institusjon og omsorgsbustader - tenesteområde 6	2 879	188	2 691		2 000
Rammebudsjett veg	7 000	0	7 000	3500	3 500
Totalt tidlegare prosjekter - herunder:	20 137	2 449	17 688	9 700	7 988
<i>Parkeringsplass Lindås Kyrkje</i>	500	0	500	0	500
<i>Parkeringsplass v/ Knarvik ungdomskule</i>	94	191	-97	191	-97
<i>Fast vegdekke</i>	743	776	-33	776	-33
<i>Trafikksikring</i>	5 673	0	5 673	0	5 673
<i>Maskiner og utstyr</i>	1 110	28	1 082	850	260
<i>Rassikring/rapport</i>	3 018	53	2 965	300	2 718
<i>Opprusting av veg Nappane</i>	446	5	441	5	441
<i>Ikenberget - ferdigstilling av veg</i>	2 210	39	2 171	5 000	-2 790
<i>Rundkjøring Knarvik (grunn)</i>	202	0	202	0	202
<i>Kryss dalsgrend (Viken)</i>	942	0	942	0	942
<i>Flomsikring av overvatn</i>	694	116	578	200	494
<i>Kvernhushaugene - infrastruktur</i>	1 678	917	761	750	928
<i>Vegskilt</i>	325	27	298	100	225
<i>Guardrail, rekkekanter</i>	555	0	555	300	255
<i>Hovudplan veg</i>	90	0	90	0	90
<i>Oppgradering bruer og kaier</i>	1 857	297	1 560	500	1 357
Sum veg	27 137	2 449	24 688	13 200	11 488
Beredskapslager	700	0	700	0	700
Sum brann	700	475	225		700
Sum korrigert framdrift					44 596

Finansieringa med omsyn til generelle investeringar blir dermed endra slik:

Lånet vert teken opp med flytande rente, og 30 års nedbetalingstid.

		Budsjett 2014
Investeringar finansiert av kommunale inntekter		104 592
Investeringar finansiert av gebyr vatn og avløp		36 700
		141 292
FINANSIERINGSBEHOV		
		Budsjett 2014
Brutto investeringar	0 0	141 292
Avdrag på formidlingslån		4 500
Formidling av Husbanklån		50 000
Sum finansieringsbehov		195 792
FINANSIERING		
		Budsjett 2014
Lån		
Husbanklån		50 000
Generelle investeringar		41 507
Avløpsrensaneanlegg		0
Vassverk		0
Sum låneopptak		91 507
Mottekne avdrag på formidlingslån		4 500
SUM EKSTERN FINANSIERING		96 007
Anna finansiering		
Driftsfinansiering (forskriftsbestemt)		17 738
Tilskot husbanken, Ostertun		0
Statlig investeringstilskot, bufelleskap		
Salg av tomt i Galteråsen		0
Tilbakeføring av mellomfinansiering startlån 2013		8 266
Ubrukte lånemidler VA (tidligere lånte midlar)		36 700
Disposisjonsfond KLP (driftsfinansiering)		17 668
Ledige midlar jf. 2. tertialrapport		2 513
Driftsfinansiering, reduserte driftskostnader		
Tippemidler og tilskot Storstove/Leiknes		
Tippemidler og tilskot Lindås		0
Utbytte Lindås tomteselskap		3 000
Bruk av investeringsfond		13 900
SUM INTERN FINANSIERING		99 785
SUM FINANSIERING		195 792

I vedteken økonomiplan er det lagt inn sal av tomt i Galteråsen i 2014. Salet vi truleg ikkje vere slutført før i 2015, og 18 000 000 kr for salet vil først redusere behovet for låneopptak i 2015. Vidare er det lagt inn tilskot frå Husbanken på 8 400 000 kr for Ostertun, men midlane vil ikkje overførast før bygget er ferdig hausten 2015. Det var lagt inn 5 400 000 kr i tippemidler/ tilskot i 2014 for Lindås idrettsanlegg. Arbeidet vil ikkje starta i 2014, og tilskotet er flytta i tid. Alle punkta vert teken omsyn til i økonomiplan for 2015-2018.

Mindreforbruk på vedtekne investeringar i prosjektperioden:

Prosjekt	Budsjett inkl. endring 2014	Rekneskap pr 31.8.2014	Ikkje nytta midlar pr 31.8	Prognose totalt for prosjektet	Ledige midler	Kommentar
Eikanger skule - paviljong	277	0	277	65	212	Ledige midler, prosjekt avsluttet
Seim idrettsanlegg	120	89	31	89	31	Ledige midler, prosjekt avsluttet
Aktivitetsområde Alversund	89	0	89	0	89	Ledige midler, prosjekt avsluttet
Alversund ungdomsklubb kraftlaget	12	0	12	0	12	Ledige midler, prosjekt avsluttet
Håkonshaugen	3	0	3	0	3	Ledige midler, prosjekt avsluttet
Alversund barnehage- riving	574	0	574	0	574	Barnehage skal ikke rives, selger hus med tomt når området er regulert
Lyngtunet	510	0	510	0	510	Ledige midler, prosjekt avsluttet
Lindåstunet - brannsikring	1 000	0	1 000	0	1 000	Brannsikring Lindåstunet. Ikke lengre aktuelt
Bil til transport av funksjonshemma	82	0	82		82	Gjenstående midlar etter tidlegare kjøp
Sum Ledige midler					2 513	

Rådmannen rår til at dei ledige midlane vert nytta som ein del av finansieringa av investeringane i 2014, og er såleis tatt omsyn til i tabellen over.

Prognostisert meirforbruk på vedtekne investeringar i prosjektperioden:

Prosjekt	Budsjett inkl. endring 2014	Rekneskap pr 31.8.2014	Ikkje nytta midlar pr 31.8	Prognose 2014	Prognose totalt for prosjektet	Total prosjektprognose ved førre rapportering	Økning siden førre rapport
Knarvik stadion - nytt spurtandekke	1 500	72	1 428	107	2 100	1 500	600
Lindås idrettsanlegg	9 500	229	9 271	151	12 500	9 500	3 000

Knarvik stadion: Anbud avlyst grunna eit fåtal tilbydarar og tilbudspris over budsjett. Det er lyst ut 4 alternativ og samtlige tilbudspriser låg over 1,5 mill. På bakgrunn av ein omfattande tilstandsrapport vil administrasjonen ikkje anbefale berre sprøyting av dekket. Deler av banedekket må byttast. Det vert fremma ei sak til kommunestyret når tilbuda er komen inn. Oppstart av rehabiliteringa er våren 2015.

Lindås idrettsanlegg: Ikkje sannsynleg at vi får utført heile prosjektet innanfor eksisterande ramme. Konkurransen er lyst ut med opsjonar. Fyste konkurranse avlyst grunna få tilbudspriser som alle låg over budsjett. Førre prognose er 12,5 mill. kr. Det vert fremma ei sak til kommunestyret når tilbuda er komen inn.

Status på prosjekta (generelle investeringar):

Prosjekt	Budsjett inkl. endring 2014	Rekneskap pr 31.8.2014	Ikkje nytta midlar pr 31.8	Prognose 2014	Prognose totalt for prosjektet
Rehabilitering Lindås Rådhus	500	341	159	500	løpande
Lindås Rådhus, ventilasjon og utviding kontor	5 000	38	4 962	3 180	5000
Sum administrasjonsbygg - tenesteområde 2	5 500	379	5 121		
Eikanger skule - paviljong	277	0	277	65	277
Kanrvik barneskule (ny)	1 000	0	1 000	0	1 000
Leiknes skule - rehabilitering	17 407	7 570	9 837	15 407	81 600
Leiknes skule - storstove	500	34	466	500	28 000
Lindås barneskule, trinn 1 og 2	10 554	11 653	-1 099	10 554	60 040
Lindås barneskule, trinn 3	7 300	0	7 300	2 100	17 800
Seim skule	4 775	1 557	3 218	3 950	92 250
Alversund skule	8 604	434	8 170	2 460	120 000
Rehabilitering skulebygg	5 823	1 449	4 374	4966	løpande
Leikeplassutstyr	234	123	111	234	234
Nye krav til plassering av bosskontainere	295	0	295	50	500
Sum skulebygg - tenesteområde 3	56 769	22 820	33 949	40 286	
Grusbane ved Knarvik ungdomsskule	128	0	128	55	128
Knarvik idrettsanlegg	73	55	18	0	73
Lagerbygg Knarvik idrettsanlegg	500	0	500	0	500
Knarvik idrettsanlegg, forprosekt ny driftsbygning	500	0	500	0	500
Knarvik stadion - nytt spurtandekke	1 500	72	1 428	107	2 100
Lindås idrettsanlegg	0	98	-98	0	0
Seim idrettsanlegg	120	89	31		
Lindås idrettsanlegg	9 500	131	9 369	151	12 500
Kvassnesstemma	436	28	408	35	1 000
Friområde Kvamsvåg	497	1	496	273	500
Aktivitetssområde Alversund	89	0	89	0	89
Alversund ungdomsklubb - kraften	12	0	12	0	12
Rehabilitering kai Kraft'n	150	0	150	0	150
Ymse friområde/ kulturtiltak	535	0	535	0	535
Håkonshaugen	3	0	3	0	3
Sum kultur og idrett - tenesteområde 4	14 043	474	13 569	621	
Alversund barnehage- riving	574	0	574	0	574
Rehabilitering barnehagebygg	1 000	0	1 000	500	løpande
Sum barnehagebygg - tenesteområde 5	1 574	0	1 574	500	
Grønfjellet 19 - einebustad	0	-1 739	1 739		
Oterdalen 6B, tomannsbolig	0	-2 465	2 465		
Nedre Alver 28	300	244	56	300	300
Sum bustader helse og sosial - tenesteområde 6 og 7	300	-3 960	4 260	300	300
Lyngtunet	510	0	510	0	1 010
Såtabu forsterka skjerma eining	500	0	500	0	500
Lindåstunet	1 000	0	1 000	0	1 000
Rehabilitering av institusjonsbygg	1 209	350	859	1 209	løpande
Ostertunet omsorgsbustader	28 531	7 898	20 633	24 200	40000
Rehabilitering av bustader	2 879	188	2 691	1 000	løpande
Sum institusjon og omsorgsbustader - tenesteområde 8	34 629	8 436	26 193	26 409	
Kyrkjeleg fellesråd	500	500	0	500	500
Gravplassar	6 000	6 000	0	6000	6000
Sum kyrkjeleg fellesråd	6 500	6 500	0	6500	6500

Prosjekt	Budsjett inkl. endring 2014	Rekneskap pr 31.8.2014	Ikkje nytta midlar pr 31.8	Prognose 2014	Prognose totalt for prosjektet
Rammebudsjett veg	7 000	0	7 000	3 500	løpande
Totalt tidlegare prosjekter - herunder:	20 137	2 449	17 688	9 688	-
<i>Parkeringsplass Lindås Kyrkje</i>	500	0	500	0	500
<i>Parkeringsplass v/ Knarvik ungdomskule</i>	94	191	-97	191	-97
<i>Fast vegdekke</i>	743	776	-33	776	-33
<i>Trafikksikring</i>	5 673	0	5 673	0	5 673
<i>Maskiner og utstyr</i>	1 110	28	1 082	850	260
<i>Rassikring/rapport</i>	3 018	53	2 965	300	2 718
<i>Opprusting av veg Nappane</i>	446	5	441	5	441
<i>Ikenberget - ferdigstilling av veg</i>	2 210	39	2 171	5 000	-2 790
<i>Rundkjøring Knarvik (grunn)</i>	202	0	202	0	202
<i>Kryss dalsgrend (Viken)</i>	942	0	942	0	942
<i>Flomsikring av overvatn</i>	694	116	578	200	494
<i>Kvernhusaugene - infrastruktur</i>	1 678	917	761	750	928
<i>Vegskilt</i>	325	27	298	100	225
<i>Guardrail, rekkekanter</i>	555	0	555	300	255
<i>Hovudplan veg</i>	90	0	90	0	90
<i>Oppgradering bru og kaier</i>	1 857	297	1 560	500	1 357
<i>Forskottering veg Seim</i>	2 455	4	2 451	2 455	4000
Sum veg	27 137	2 449	24 688	24615	-
Brann- og driftsstasjon "Wergelandsbygget"	6 911	9 991	-3 080	6 911	58 900
Beredskapslager	700	0	700	0	-
Røykdykkerkompressor	181	0	181	0	-
Rammebudsjett brann	800	667	133	800	800
Sum brann	8 592	10 658	-2 066	7 711	-
Bil til transport av funksjonshemma	82	0	82	0	0
Digitalt kartverk/plottar	1 196	934	262	1 196	1196
IKT-anlegg	2 000	669	1 331	2 000	2000
Egenkapitalinnskot KLP	15 900	17 668	-1 768	17 668	17668
Sum andre tiltak på tvers av tenesteområda	19 178	19 271	-93	20 864	20 864

Status på prosjekta (vann og avløp):

Prosjekt	Budsjett inkl. endring	Rekneskap pr 31.8.2014	Ikkje nytta midlar pr 31.8	Prognose 2014
Prosjektleiing vassverk	10 130	0	10 130	
Rammebudsjett vatn	24 000	0	24 000	
Utbetring vassledningsnett	2 770	30	2 740	100
Planlegging vassforsyning Mongstad	2 834	158	2 676	600
Overtaking av privat vassforsyning	1 939	0	1 939	0
Vassleidning Sjauset-Svekanen	3 501	3 128	373	4 000
Rotevatn vassverk utbygging	0	34	-34	34
Litlås vassleidning, BKK trafo	0	18	-18	3 000
Vassforsyning renseanlegg Mongstad	4 986	164	4 822	600
Tveitegrend/ Kløve utbetring vassledning	1 602	2 274	-672	2300
Sum vatn	51 762	5 806	45 956	10 634
Rammebudsjett avløp	12 700	0	12 700	
Kloakkrenseanlegg	4 975	0	4 975	
Sanering kloakk Kanrvik kai	0	6 306	-6 306	7 000
Hovudplan/ROS	400	0	400	100
Silanlegg Kvassneset	5 264	0	5 264	200
Knarvik senter - reeling avløp	1 917	0	1 917	0
Avløprensesevneil Mongstad sør	2 000	0	2 000	100
Rehabilitering ledningsanlegg Alvermarka	0	1 035	-1 035	1 035
Ikenberget renseanlegg II	0	36	-36	500
Alverstraumen-Hilland Sanering Avløp	0	27	-27	100
Resipientundersøking	1 448	0	1 448	1 600
Tilskot til private avløpsanlegg	5 893	0	5 893	0
Saneringsplaner	300	0	300	0
Servicebilar vann og avløp	661	435	226	435
Sum avløp	35 558	7 839	27 719	11 070

Kommentarar til prosjekta:

Prosjekt	Kommentar
Rehabilitering Lindås Rådhus	Nyttast til innredning av kontorer på Ikenberget, kr
Lindås Rådhus, ventilasjon og utviding kontor	3080 flyttes hit fra Wergelandsbygget ny brann og driftsstasjon.
Sum administrasjonsbygg - tenesteområde 2	
Eikanger skule - paviljong	Ledige midler
Knarvik barneskule (ny)	Starter ikkje planlegging av prosjektet før i 2015
Leiknes skule - rehabilitering	Slutførast i 2014, men sluttoppgjøret kan trekke ut i 2015
Leiknes skule - storstove	Planlegging
Lindås barneskule, trinn 1 og 2	Prosjektering. Kr 1 099' førast over på fase 3.
Lindås barneskule, trinn 3	Ekstrabevilgninger i 2015. Vedtak av 18.09.14
Seim skule	
Alversund skule	Rammen synes førebels ikkje å dekkje mellom anna rehab av lærarfløy. Prosjekt er ikkje sendt ut på anbod enno
Rehabilitering skulebygg	Nytta til lindås u skole (kr 3 013') og Loas (kr 585')
Leikeplassutstyr	Blir kjøpt inn i 2014
Nye krav til plassering av bosskontainere	Blir ikkje slutført før i 2015
Sum skulebygg - tenesteområde 3	
Grusbane ved Knarvik ungdomsskule	Nytt gjerde etter avtale med idrettslaget. Pga sikring
Knarvik idrettsanlegg	Må sjå Knarvik stadion samla over ett. Starter ikkje i 2014
Lagerbygg Knarvik idrettsanlegg	Mogleg sambygging med idrettslagene? Starter ikkje i 2014
Knarvik idrettsanlegg, forprosekt ny driftsbygning	Mogleg sambygging med idrettslagene? Starter ikkje i 2014
Knarvik stadion - nytt spurtandekke	Anbud avlyst pga kun ein tilbydar og pris over budsjett. Det er lyst ut 4 alternativ og samtlige tilbod lå over 1,5 mill. kr. På bakgrunn av ein omfattende tilstandsrapport vil ikkje administrasjonen anbefale kun sprøyting av dekket. Deler av banedekket må byttast. Det vil leggjast fram ein sak til kommunestyret når tilboda er komen inn. Oppstart av rehabiliteringen våren 2015.
Lindås idrettanslegg	Anbud avlyst pga kun ein tilbydar og pris over budsjett. Nytt anbod ute nå. Oppstart i 2015. Sak leggjast fram til kommunestyret når tilboda er komen inn.
Seim idrettsanlegg	Ledige midler
Lindås idrettanslegg	Ikkje gitt at vi får utført alt. Ny konkurranse er lyst ut med opsjoner. Konkurranse avlyst grunna kun eit innkomen tilbod, som lå over budsjett.
Kvassnesstemma	Ikkje oppstart i 2014 grunna kapasitet
Friområde Kvamsvåg	Ny brygge er bestilt, resterande midlar nyttast i 2015
Aktivitetsområde Alversund	Ledige midler
Alversund ungdomsklubb - kraften	Ledige midler
Rehabilitering kai Kraft'n	Ikkje utført i 2014 grunna kapasitet
Ymse friområde/ kulturtiltak	Ikkje utført i 2014 grunna kapasitet
Håkonshaugen	Ledige midler
Sum kultur og idrett - tenesteområde 4	
Alversund barnehage- riving	Barnehage skal ikkje rivast, selger hus med tomt når området er regulert. Ledige midlar
Rehabilitering barnehagebygg	Deler av beløpet overføres til 2015 grunna kapasitet
Sum barnehagebygg - tenesteområde 5	

Prosjekt	Kommentar
Grøn fjellet 19 - einestad	Salg av boliger, skal flyttes til fond, jfr sak
Oterdalen 6B, tomannsbolig	Salg av boliger, skal flyttes til fond, jfr. Sak
Nedre Alver 28	
Sum bustader helse og sosial - tenesteområde 6 og 7	
Lyngtunet	Ledige midler
Såtabu forsterka skjerma eining	Midler flyttes til 2015, da det ikkje skal være forsterka skjerma eining enda.
Lindåstunet	Brannsikring Lindåstunet - skal ikkje utførast, ledige midlar
Rehabilitering av institusjonsbygg	Nyttast fullt ut på mellom anna brannsikring på Såtabu
Ostertunet omsorgsbustader	Skal stå ferdig til innflytting til sommeren 2015
Rehabilitering av bustader	Deler av beløpet overføres til 2015 grunna kapasitet
Sum institusjon og omsorgsbustader - tenesteområde 8	
Kyrkjeleg fellesråd	
Gravplassar	
Sum kyrkjeleg fellesråd	
Rammebudsjett veg	Blir fordelt på pågåande/ nye prosjekt etter kvart
Totalt tidlegare prosjekter - herunder:	
<i>Parkeringsplass Lindås Kyrkje</i>	Tilhøyrer kyrkjeleg fellesråd
<i>Parkeringsplass v/ Knarvik ungdomskule</i>	Ferdig
<i>Fast vegdekke</i>	Under avslutning for i år
<i>Trafikksikring</i>	Ca 4,4 mill låst til forskottering, resten som politisk sak.
<i>Maskiner og utstyr</i>	Nedslitt gammal minimaskin, anbud pågår for ny.
<i>Rassikring/rapport</i>	Rammeand bud sikringsarbeider under utarbeiding
<i>Opprusting av veg Nappane</i>	Ferdig
<i>Ikkenberget - ferdigstilling av veg</i>	Pågår for fullt
<i>Rundkjøring Knarvik (grunn)</i>	Awenter grunneigarar
<i>Kryss Dalsgrend (Viken)</i>	Evt. gjennomføring må takast opp med Hor. fylke.
<i>Flomsikring av overvatn</i>	Kontinuerlig nye, mindre enkeltprosjekter
<i>Kvernhusaugene - infrastruktur</i>	Hovedsakelig ferdig. Vegkryssing Lonsvegen gjenstår.
<i>Vegskilt</i>	Kontinuerlig oppsetting og fornying
<i>Guardrail, rekkedanter</i>	Anbud utført, kontrakt nylig signert.
<i>Hovudplan veg</i>	Digitalisering av grunnlagsdata pågår. Utføring vidare i 2015.
<i>Oppgradering bruer og kaier</i>	Satsingsområde i budsjettframlegg. Hundvin bru pågår.
<i>Forskottering veg Seim</i>	Under ferdigstilling

Prosjekt	Kommentarar
Brann- og driftsstasjon "Wergelandsbygget"	Utgifter knytt til kontor og inventar flyttes til post utviding kontor (tenestoområde 2)
Beredskapslager	Nytt beredskapslager vil koste meir enn 700'. Blir ikkje ført opp før områdeplan er ferdig
Røykdykkerkompressor	
Rammebudsjett brann	
Sum brann	
Bil til transport av funksjonshemma	Ledige midler
Digitalt kartverk/plottar	
IKT-anlegg	Pågår
Egenkapitalinnskott KLP	Gjekk over til KLP i 2014. KLP er eit kundeeigd selskap og det er difor krav til inskudd av eigenkapital
Sum andre tiltak på tvers av tenestoområda	
Prosjektleiing vassverk	Hovedbudsjettpost, - til fordeling på prosjekter
Rammebudsjett vatn	Hovedbudsjettpost, - til fordeling på prosjekter
Utbetring vassledningsnett	Stadig mindre prosjekter, oppstart Hauge - Jordal i høst
Planlegging vassforsyning Mongstad	Vil pågå over mange år.
Overtaking av privat vassforsyning	Priv/off tilskotsprosjekt på Høyland i førebuing
Vassleidning Sjauset-Svekanen	Sjausetanlegget under testkjøring no. Div. asfaltering 2015
Rotevatn vassverk utbygging	Oppgradering eller nedlegging, avhengig av forhandlingar
Litlås vassleidning, BKK trafo	Oppstart i haust i tett samarbeid med BKK
Vassforsyning renseanlegg Mongstad	Prosjektering pågår for fullt.
Tveitegend/ Kløve utbetring vassledning	Ferdig i denne omgang
Sum vatn	
Rammebudsjett avløp	Hovedbudsjettpost, - til fordeling på prosjekter
Kloakkrenseanlegg	Hovedbudsjettpost, - til fordeling på prosjekter
Sanering kloakk Kanrvik kai	Ferdig i haust
Hovudplan/ROS	Avløp ferdig/godkjent, vatn utarbeidd, men avheng av Statoil
Silanlegg Kvassneset	Konsulent i gang med prosjektet
Knarvik senter - reeling avløp	Ferdig
Avløprensanlegg Mongstad sør	Konsulentar i gang. Samarbeid med Mongstad Eigedom
Rehabilitering ledningsanlegg Alvermarka	Ferdig i denne omgang
Ikenberget renseanlegg II	Plangodkjent, oppstart i haust.
Alverstraumen-Hilland Sanering Avløp	Konsulentarbeid pågår
Resipientundersøking	Under ferdigstilling, -avsluttande møter og presentasjon
Tilskott til private avløpsanlegg	Muligens reetablering av Hundvinprosjektet, priv/off.
Saneringsplaner	Del av Alv.-Hilland-prosjektet
Servicebilar vann og avløp	Må skifte ut ein gammal servicebil på VA
Sum avløp	

7 VEDLEGG REKNESKAPSSKJEMA

Rekneskapskjema 1A - drift	Rekneskap pr 31.8	Reg. budsjett 2014	Oppr. budsjett 2014	Rekneskap 2013
Skatt på inntekt og formue	-243 223 459	-385 489 000	-385 489 000	-354 952 535
Ordinært rammetilskudd	-254 416 682	-364 111 000	-364 111 000	-352 852 811
Skatt på eiendom	-81 529 877	-163 059 000	-162 821 000	-162 820 973
Konsesjonskraft, avgift	-43 263	-150 000	-150 000	-209 869
Andre generelle statstilskudd	-6 220 736	-15 870 000	-13 750 000	-14 274 077
Frie disponible inntekter	-585 434 017	-928 679 000	-926 321 000	-885 110 265
Renteinntekter og utbytte	-26 946 640	-36 749 000	-36 749 000	-31 398 452
Renteutg., provisjoner og andre	14 604 256	27 824 000	27 824 000	23 201 593
Avdragsinntekter	0	-4 202 000	-4 202 000	-1 720 097
Avdrag på lån	17 207 468	33 543 000	33 543 000	28 864 426
Netto finansinnt./utg.	4 865 084	20 416 000	20 416 000	18 947 470
Premieavvik		15 039 000		3 974 225
Pensjonsinnskot				-8 283 902
Til dekning av tidligere underskot				
Til ubundne avsetninger		44 844 000	44 606 000	42 974 000
Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk		-14 401 000		
Bruk av ubundne avsetninger		-840 000		-22 988 125
Bruk av likviditetsreserve				0
Netto avsetninger	0	44 642 000	44 606 000	15 676 198
Momsrefusjon investeringsaktivitet				-26 995 727
Overført til investeringsregnskap		3 202 000	3 000 000	27 043 852
Til fordeling drift	-580 568 933	-860 419 000	-858 299 000	-850 438 472
Motpost avskrivningar	0	-29 976 000	-28 790 000	-29 187 050
Sum til fordeling drift	-580 568 933	-890 395 000	-887 089 000	-879 625 522
Netto driftsutgifter tenesteområda	580 759 673	890 395 000	887 089 000	865 224 529
Meirforbruk/mindreforbruk	190 740	0	0	-14 400 993

Rekneskapskjema 1B- drift	Rekneskap pr. 31.8	Justert budsjett 2014	Vedteke budsjett 2014	Rekneskap 2013
1 Politisk styring	11 980 764	20 652 000	20 652 000	21 467 062
2 Administrativ styring, støttefunksjonar	131 255 030	208 492 000	209 540 000	198 332 411
3 Grunnskuletilbod	117 956 941	188 680 000	186 979 000	187 435 434
4 Kulturformål	8 700 711	14 639 000	14 876 000	13 793 187
5 Barnehagetilbod	14 611 745	24 129 000	24 129 000	21 629 253
6 Kommunehelsetenester	33 331 510	49 718 000	49 445 000	43 857 611
7 Sosiale tenester, barnevernstenester	39 778 982	55 680 000	53 357 000	52 539 245
8 Pleie- og omsorgstenester	173 854 571	225 549 000	225 287 000	224 352 965
9 Tekniske tenester	49 289 419	102 856 000	102 824 000	101 817 360
Sum tenesteområda	580 759 673	890 395 000	887 089 000	865 224 529

Økonomisk oversyn drift	Rekneskap pr. 31.8	Justert budsjett	Vedteke budsjett	Rekneskap 2013
Driftsinntekter				
Brukerbetalinger	25 246 446	43 225 000	42 465 000	38 380 666
Andre salgs- og leieinntekter	36 206 382	66 875 000	67 375 000	66 281 598
Overføringer med krav til motytelse	76 668 082	135 919 000	130 985 000	209 035 957
Rammetilskudd	254 416 682	364 111 000	364 111 000	352 852 811
Andre statlige overføringer	6 448 024	15 980 000	13 860 000	14 053 416
Andre overføringer	117 052	0	0	1 055 506
Skatt på inntekt og formue	243 223 459	385 489 000	385 489 000	354 952 535
Eiendomsskatt	81 529 877	163 059 000	162 821 000	162 820 973
Andre direkte og indirekte skatter	0	40 000	40 000	42 571
Sum driftsinntekter	723 856 005	1 174 698 000	1 167 146 000	1 199 476 034
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	391 141 667	588 333 000	580 789 000	597 278 415
Sosiale utgifter	121 565 467	194 704 000	178 302 000	162 355 429
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	91 227 187	140 332 000	140 252 000	145 873 241
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	83 475 867	157 076 000	159 126 000	161 107 565
Overføringer	42 015 719	62 424 000	62 047 000	71 603 454
Avskrivninger	0	29 976 000	28 790 000	29 187 050
Fordelte utgifter	-2 963 068	-30 558 000	-30 558 000	-33 632 173
Sum driftsutgifter	726 462 838	1 142 287 000	1 118 748 000	1 133 772 980
Brutto driftsresultat	-2 606 835	32 411 000	48 398 000	65 703 054
Finansinntekter				
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	26 946 640	31 555 000	31 555 000	27 852 797
Mottatte avdrag på utlån	349 844	50 000	50 000	357 684
Sum eksterne finansinntekter	27 296 484	31 605 000	31 605 000	28 210 481
Finansutgifter				
Renteutgifter, provisjoner og andre fin.utg.	14 604 256	27 824 000	27 824 000	23 201 593
Avdragsutgifter	17 207 468	33 543 000	33 543 000	28 864 426
Utlån	825 758	50 000	50 000	827 953
Sum eksterne finansutgifter	32 637 481	61 417 000	61 417 000	52 893 973
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-5 340 997	-29 812 000	-29 812 000	-24 683 491
Motpost avskrivninger	0	29 976 000	28 790 000	29 187 050
Netto driftsresultat	-7 947 832	32 575 000	47 376 000	70 206 613
Interne finanstransaksjoner				
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	0	14 401 000	0	0
Bruk av disposisjonsfond	0	977 000	137 000	23 335 296
Bruk av bundne fond	7 757 093	964 000	964 000	3 465 563
Bruk av likviditetsreserve	0	0	0	0
Sum bruk av avsetninger	7 757 093	16 342 000	1 101 000	26 800 858
Overført til investeringsregnskapet	0	3 202 000	3 000 000	27 043 852
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0	0	0	0
Avsetninger til disposisjonsfond	0	44 844 000	44 606 000	42 974 000
Avsetninger til bundne fond	0	871 000	871 000	12 588 626
Avsetninger til likviditetsreserven	0	0	0	0
Sum avsetninger	0	48 917 000	48 477 000	82 606 478
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	-190 739	0	0	14 400 993

8 FINANSRAPPORT

8.1 Bankinnskot

Ifølgje det vedtekne finansreglementet skal rådmannen etter årets utgang leggje fram ein rapport for kommunestyret som viser utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året for finansområdet.

Rådmannen legg til grunn at dette praktisk kan gjerast som eit del av dei økonomiske statusrapportane, og ikkje som eiga rapport når finansforvaltninga ikkje har endra risikokarakter frå førre status. Finansforvaltninga har ikkje endra risikokarakter sidan desember 2013 (finansrapport 2013), dei einaste endringane er den flytande innlåns og utlånsrenta, samt bankinnskot.

Kassebeholdninga og bankinnskota har utvikla seg slik som vist i tabellen:

Kasse, bankinnskot	Rekneskap 2011	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Rekneskap per 31.08.2014
Kasse	31	31	35	53
Sparebanken Nor	452			
Den norske Bank	355 468	323 772	375 212	340 943
Nordea bank	827			
Sum	356 778	323 803	375 247	340 996

DNB er kommunen sin hovudbank. Rentevilkåra på innskot etter denne avtalen er lik NIBOR 3 mnd. frå Noregs Bank + 1,1%. Pr. 31.8.2014 blir det 1,75% + 1,10% = 2,85%.

Bankavtalen betyr ikkje at kommunen er forplikta til å plassere ledige midlar hos DNB.

8.2 Lånegjeld

Långjevarar	Rekneskap 2011	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Rekneskap 31.08.2014
Formidlingslån				
Husbanken	151 820	172 664	192 262	207 533
Kommunalbanken	6 600	6 187	5 775	5 569
Andre lån				
Husbanken	11 650	15 744	24 304	23 595
Kommunalbanken	699 257	745 381	877 116	870 617
KLP	3 747			
Sum lånegjeld	682 046	795 548	873 074	1 107 314

Det er teke opp 33 mill. kr. til startlån i 2014.

Husbanklåna har fast rente til og med dei som blei tekne opp i 2010. Alle låna i Husbanken som var tekne opp til og med 2009 blei då konverterte til fast rente, 3,7 % i fem år. Husbanklånet som blei tekne opp i 2010, blei konvertert til fast rente 3,7 % i 10 år. Husbanklåna som er tekne opp frå 2011 har flytande rente, lik 2,477% pr. 01.04.2014.

Låna i Kommunalbanken har flytande rente lik, 2,25 % pr. 31.3.2014.